

Stortinget
Postboks 1700 Sentrum
0026 OSLO

Dykkar ref
Nr 562

Vår ref
24/2332-

Dato
6. desember 2024

Svar på skriftleg spørsmål nr 562 frå stortingsrepresentant Bengt Rune Strifeldt - oversikt over tilskudd og angivelig miljøeffekt av tredriverordningen

Eg viser til brev av 3. desember 2024 med følgande spørsmål til skriftleg svar frå representanten Bengt Rune Strifeldt:

«Med bakgrunn i "tredriverordningen" og den pågående granskningen fra ESA, ber jeg statsråden om en oversikt over hvor mye tilskudd som er tildelt siden ordningen ble innført og en spesifisering av hvilke mottakere som har fått støtte, samt en oversikt over hvor mye av tilskuddene som er gitt til landbrukseiendommer og hvordan man dokumenterer den angivelige miljøeffekten ved å føre opp bygg i massivtre i stedet for andre byggematerialer?»

ESA opna 20. mars 2024 formell undersøking av to ulike sakar; tredrivernetverket og tilskot til investerings- og bygdeutviklingsmidlar (IBU-midlane). Slik eg forstår spørsmålet frå representanten, blir det bede om ei oversikt over kor mykje og kven som har fått støtte i tredrivernetverket. I tillegg blir det bede om ei oversikt over kor mykje tilskot som er gitt ved investering i landbruksbygg i tre under IBU-midla, samt ei utgreiing av korleis ein dokumenterer miljøeffekten av tre i landbruksbygg.

Tredrivarnettverket blir koordinert av Innovasjon Noreg og består av regional tredrivarar i ulike fylke. Tredrivarane søkjer om individuelle prosjekt, og prosjekta blir finansierte av ulike aktørar. Prosjekta skal vere relaterte til nettverksbygging og deling av kunnskap og beste praksis knytt til bruk av tre i byggeprosjekt. Finansieringa av tredrivarane kjem frå tre eksisterande tilskotsordningar: Bioøkonomiordninga, regionale utviklingsmidlar og regionale tilretteleggingsmidlar.

Under følger ei oversikt over talet på prosjekt, kven som har fått midlar, og kor mykje som er gitt av Innovasjon Norge. Same oversikt er sendt til ESA.

Regions	Counties	Organisation	Org. Form	No of project	Summer av Granted amount IN	Summer av Granted amount Total
Mid	Trendelag	NÆRINGSHAGEN I ØRKDALREGIONEN AS	LLC	1	435 000	870 000
North	Finmark	FINMARK TREFORUM	Association	2	325 000	670 000
		FYLKESMANNEN I FINMARK	County governor	1	705 000	855 000
	Nordland	FYLKESMANNEN I NORDLAND	County governor	3	3 153 000	6 553 000
		STATSFORVALTEREN I NORDLAND	County governor	1	1 395 000	4 534 447
	Troms	SKOGNÆRINGA KYST SA	Cooperative	1	1 000 000	1 500 000
		TREINDUSTRISEENTERET I TROMS AS	LLC	1	300 000	300 000
South East	Agder	AGDER TRESENTER	Association	1	400 000	600 000
		ARKITEKT BENGT MIKAELSEN AS	LLC	1	380 000	380 000
		SILVA CONSULT AS	LLC	3	1 015 000	1 985 000
	Buskerud, Vestfold og Telemark	TREBRUK 014 AS	LLC	5	2 300 000	4 100 000
		VESTCAP AS	LLC	1	300 000	300 000
		VESTFOLD FYLKESKOMMUNE	County authority	2	600 000	4 330 000
	Hedemark	TRETORGET AS	LLC	7	2 200 000	4 482 000
	Innlandet	INNLANDET FYLKESKOMMUNE NÆRING OG I	County authority	1	500 000	1 500 000
		LANDSBYEN NÆRINGSHAGE AS	LLC	1	1 000 000	3 000 000
		TRETORGET AS	LLC	1	618 000	1 368 000
	Oppland	LANDSBYEN NÆRINGSHAGE AS	LLC	2	1 250 000	2 550 000
	Oslo	TREFOKUS AS	LLC	1	500 000	500 000
	Vestfold og Telemark	TREBRUK 014 AS	LLC	3	1 600 000	3 800 000
	Vestfold, Buskerud og Telemark	VESTFOLD FYLKESKOMMUNE	County authority	1	200 000	400 000
	Viken	TREBRUK AS	LLC	1	400 000	900 000
		VIKEN FYLKESKOMMUNE	County authority	1	950 000	2 000 000
	Østfold og Akershus	TREBRUK AS	LLC	2	600 000	1 475 000
	Østfold, Oslo og Akershus	TREBRUK AS	LLC	4	1 800 000	2 900 000
	Hedemark og Oppland	TRETORGET AS	LLC	1	425 000	1 081 000
West	Hordaland	FYLKESMANNEN I HORDALAND	County governor	1	620 000	1 800 000
	Møre og Romsdal	FYLKESMANNEN I MØRE OG ROMSDAL	County governor	3	2 300 000	5 400 000
		STATSFORVALTEREN I MØRE OG ROMSDAL	County authority	1	437 175	1 487 175
			County governor	2	1 462 825	4 850 000
	Rogaland	ROGALAND TREFORUM	Association	2	1 050 000	2 075 000
	Sogn og Fjordane	FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE	County governor	1	1 500 000	2 580 000
		SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE	County authority	1	1 900 000	2 900 000
	Vestland	FYLKESMANNEN I VESTLAND	County governor	1	600 000	900 000
West North	Vestlandet, og Nord-Norge	SKOGNÆRINGA KYST SA	Cooperative	1	1 640 000	7 640 000
Totalsum				62	36 861 000	82 545 622

IBU-midlane skal mellom anna bidra til utvikling og modernisering av det tradisjonelle landbruket. Støtte til investering i landbruksproduksjonsanlegg bidrar også til berekraftig landbruk og sikring og forbetring av dyrevelferd. Avtalepartane blei i 2019 einige om å innføre eit ekstra tilskot ved investering i landbruksbygg i tre på inntil 20 prosent av ordinært innvilga tilskotsbeløp. Tretilskotet er ein bonus for å stimulere bønder til å bruke meir tre i nye produksjonsanlegg. Maksimal støtte per prosjekt til bønder som bygger i tre er kr 400 000 for bygningar som bruker ein stor del tre, og kr 200 000 for strukturar som bruker mindre tre. I jordbruksavtalen av 16. mai 2024, mellom regjeringa og bondeorganisasjonane, blei det bestemt at tretilskottet skal avviklast ved utgangen av 2024. Under følger ei oversikt over tal på støtta prosjekt, totale tildelingar i millionar kroner og gjennomsnittleg tildeling per prosjekt i perioden 2020 til 2024.

År	Tal, støtta prosjekt	Totale tildelingar (i millionar kroner)	Gjennomsnittleg tildeling per prosjekt
2020	142	33.7	237 000
2021	176	43.3	246 000
2022	195	44.7	229 000
2023	171	49.5	289 000
2024	151	41.9	277 000
Sum	835	213,1	255 000

Målet med den ekstra støtta er å legge til rette for berekraftige landbruksbygg ved å stimulere til bruk av tre.

Skog og treprodukt er ein viktig del av regjeringas klimapolitikk. Skog tar opp karbon og lagrar karbonet i biomasse, jord og treprodukt. Bruk av treprodukt framfor meir utslippsintensive material kan bidra til å redusere utslepp. Lagring i treprodukt (Harvested Wood Products) er ein del av klimagassregnskapet, og Norge, på lik linje med andre land, rapporterer på dette både til FN og til EU.

Ein spesifikk berekning av klimagassutslepp eller ein livssyklusanalyse for kvart prosjekt har ikkje blitt etterspurt for prosjekt under denne ordninga.

Med helsing



Geir Pollestad